



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2016/94
		Arkiv:	L81

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
16/19	Formannskapet	22.01.2019

### TOMTEPRIS MYRABAKKEN BUSTADFELT

#### Tilråding:

Herøy formannskap vedtek følgjande:

Tomteprisen for dei kommunale bustadtomtene i Myrabakken bustadfelt vert sett til kr 672 pr. m<sup>2</sup>, i tråd med alternativ 1 i saksframlegget. I tillegg kjem utgifter knytt til taksering, oppmålingsforretning, tinglysing, m.v.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Tomteprisen for dei kommunale bustadtomtene i Myrabakken bustadfelt vert sett til kr 672 pr. m<sup>2</sup>, i tråd med alternativ 1 i saksframlegget. I tillegg kjem utgifter knytt til taksering, oppmålingsforretning, tinglysing, m.v.

Særutskrift:

- Servicetorget, her

### Samandrag av saka:

Arbeidet med å ferdigstille den tekniske infrastrukturen i Myrabakken bustadfeltet er no ferdig, jf. eiga sak om økonomisk avslutning. Det ligg soleis til rette for at dei 10 kommunale tomtene i feltet blir lagt ut for sal.

### Saksopplysningar:

Prosjektet har hatt følgjande kostnader:

Kostnad grunnverv	2.400.000,- kr
Kostnad utbygging:	7.500.000,- kr
Sum opparbeiding:	9.900.000,- kr

Det vert lagt fram to alternativ til tomteprisar:

- Alternativ 1: tomtepris utrekna etter opparbeidingskostnader (totalkostnad)
- Alternativ 2: takst (frå Norconsult AS)

### ALTERNATIV 1: OPPARBEIDINGSKOSTNADAR

Gnr/bnr	M2	Pris (kr)
60/470	4034	2.710.874,-
60/471	2896	1.946.131,-
60/472	986	662.598,-
60/473	983	660.582,-
60/474	1021	686.119,-
60/475	1014	681.415,-
60/476	854	573.894,-
60/477	892	599.430,-
60/478	1045	702.247,-
60/479	1007	676.710,-
<b>TOTALSUM</b>	<b>14732</b>	<b>9.900.000,-</b>

Alternativ 1 gir ein sum på ca. 672 kr per m2.

Utgifter knytt til taksering, oppmålingsforretning, tinglysing, m.v. kjem i tillegg.

### ALTERNATIV 2: TAKST

Gnr/bnr	M2	Takst (kr)
60/470	4034	2.300.000
60/471	2896	1.850.000
60/472	986	570.000
60/473	983	570.000
60/474	1021	650.000
60/475	1014	650.000
60/476	854	500.000
60/477	892	550.000
60/478	1045	650.000
60/479	1007	650.000
<b>TOTALSUM</b>	<b>14732</b>	<b>8.940.000</b>

Alternativ 2 gir ein sum på ca. 607 kr per m2.

Utgifter knytt til taksering, oppmålingsforretning, tinglysing, osv. kjem i tillegg.

**Vurdering og konklusjon:**

Med bakgrunn i at totalkostnaden gir høgast salspris for kommunen rår rådmannen til at ein vedtek tomtepris etter alternativ 1, og vil samtidig orientere om at ein må unngå subsidiering ved å selje tomtene under takst/totalkostnadar då differansen må utgiftsførast i driftsrekneskapen.

Fosnavåg, 11.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Fred Arnesen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen